



ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 8

OKTOBER 1980

30. årgang

Orientering om Søvasskjølen Fjellkyrkje frå styre og råd:

Endra byggeplanar — nye teikningar.

I eit rådsmøte Stiftelsen Søvasskjølen Fjellkyrkje hadde fredag 8. august, la styret fram for rådet nye planar for realisering av fjellkyrkjebygget.

Modellen før var Skirva Fjellkyrkje i Telemark, men no er dei teikningane/planane lagde bort, og rådet har samrøystes gått inn for eit noko forenkla opplegg. Det er firmaet Sande Hytter A/S på Berkåk som har utarbeidd dei nye planane.

Kort sagt blir det eit laftebygg i korskyrkjestil med sokkel. I kyrkjerommet blir det ca. 140 sitjeplassar, og i sokkelen blir det m.a. plass for ei peisestove på ca. 35 - 40 kvm, eit lite kjøken og sovealkovar. Men i første omgang tek ein sikte på å få ferdig og ta i bruk sjølve kyrkjeromet, peisestove med innreiing kjem i andre rekkje.

Til fjellkyrkja er det hittil innkome ca. 260 000 kr. i friviljuge gåver og utført dugnad for 80 000 kr. Dette vitnar om ein god oppslutnad og pålegg oss, som er valde av sokneråda, ei særskilt plikt og eit klart ansvar for å finna utveggar til å fullføra det som er påbyrja.

Og etter den endring som er gjort med planane, kan vi løysa prosjektet på ein økonomisk for-svarleg måte.

La oss i denne samanhengen ta med at det hjelper oss eit

stykke på veg at Orkdal kommune gjorde vedtak om å stå som formell låntakar av det mykje omtalte lånet i Opplysningsvesenets Fond på inntil 200 000

kr., — eit lån som Stiftelsen Søvasskjølen Fjellkyrkje sjølv skal betala renter og avdrag på.

Vi reknar derfor med å få det nye bygget under tak før vinteren.

For rådet: Anne Eldevik

For økonomiutv.: Bertel Aasen

For styret: Tormod Hagen

Mange små kyrkjefolk

10 små kyrkjefolk — gjekk på kyrkjesti.
Sola skein så blidt i hei — så vart dei berre 9.

9 små kyrkjefolk — gjekk iveg så flotte.
Regnet skremde ein av dei, — så vart dei berre 8.

8 små kyrkjefolk — ein vart rådd å snu.
Laga seg så bakvendt til — og dei vart berre 7.

7 små kyrkjefolk sa: «Sjå kor det veks».
Kviledagen gløynde ein — så vart dei berre 6.

6 små kyrkjefolk — glad på vegen frem.
Freistings fåre stogga ein — så vart dei berre 5.

5 små kyrkjefolk — ein i angst og ire
gløynde han på kyrkjevog var — så vart dei berre 4.

4 små kyrkjefolk — gjekk i sømd og fre'.
Ein vart på presten arg — så vart dei berre 3.

3 små kyrkjefolk — song i salmen go'.
Ein hadde boka gløynd — så vart dei berre 2.

2 små kyrkjefolk — gjekk på vegen bein.
Ein fann ein krokut veg — så vart det berre 1.

1 liten kyrkjemann — sleit i sine sko.
var eit lite vitnemål — så vart dei snart til 2.

2 små kyrkjefolk — fekk trua til å spire.
Vener ein og grannar to, — så vart dei snart til 4.

4 små kyrkjefolk — ein åkersed med vekst i,
trufast dagleg året langt — så vart dei snart til 60.

Prestar kan'kje heilt åleine trekke kyrkjevogn.
Dei har bruk for hjelparar i kvart eit kyrkjesogn.

K. R.

Orkanger kirke 21.10.
Aftengudstjeneste kl. 19.00 ved
Sletthjell. Innsamling av jule-
gaver til sjøfolk.

SLEKTERS GANG

Døpte

Orkland

7.9. Geir Svee
7.9. Arild Solem
14.9. Ole Johan Berg
Øystein Gimse
Henning Andersen

Orkdal

14.9. Torgeir Sletvold
Lena Storbekken Sundli
Anne Martha Skauge

Orkanger

31.8. Tone Linn Togstad Hammervik
21.9. Jan Erik Leknes

Vigde

Orkland

16.8. Ola Husby og
Sigrun Karen Hoseth
30.8. John Gunnar Tallerås og
Eldri Grønning (Vigd i Lensvik)

Orkdal

23.8. Øystein Viggen og Anne Ødynn
30.8. Morten Solem og
Mildrid Johanne Lium
Tor Atle Slupphaug og
Inger Svee
5.9. Arne Ivar Meistad og
Anne Johanne Jensen
(Vigd Trondheim byfogd)
6.9. Arnfinn Ivar Stenshaug og
Perny Olsen
Oddvar Skorild og
Anne Mari Dørdal

Orkanger

23.8. Jøran Vatn og
Anne Grete Johansen
(viet i Agdenes k.)

Orkanger Ur og Optikk

Verner Svensson

7300 ORKANGER

Telefon (074) 80 195

Bed, så skal de få

MATT. 7 - 7.

Tek ein eit oversyn får ein sjå fleire ulike reaksjonar på dette. Somme kan fortelle at dei har prøvd som ordet seier. Be så skal de få. Men dei har ikkje fått noko av det dei bad om, og så sluttar dei å be. Andre kan fortelle det same. Men dei har ikkje slutta å be. Dei reknar med at grunn til at dei ikkje får det dei bed om, er at dei bed ikkje godt nok. Så er dei opptekne med å få til bøn og bønner som blir slik at ein får bønhyring. Den som er komen i den stode at ein må erkjenne at dei ikkje bed rett, dei er kome eit stykke på rett veg. Men her må ein ikkje stogge. For det er endå eit vegstykke att å gå, før ein heilt når fram til det rette. Vi finn fram til Rom. 8 - 26 der les vi at vi bed ikkje rett, for vi veit ikkje kva vi skal be om så som vi treng om det.

Døde

Orkland

9.9. Sigurd Bakken f. 1909

Orkdal

19.8. Anna Sognli f. 1897
1. 9. Peder Jakobsen f. 1903
3.9. Martha Fossum f. 1911
5.9. Hans Aunemo f. 1905
5.9. Randi Johnsen f. 1898
6.9. Trygve Metlie f. 1911
19.9. Anders Svorkås f. 1900

Orkanger

13.9. Maren Sofie Dragseth
14.9. Ole Sigurd Ustad

Kretskoret for misjonssambandet i Trøndelag

besøker distriktet med møte på Sø-
vassli ungdomsenter lør. 18.10. kl. 19.30.

Orkanger Gartneri

Orkedalsvegen 10

Inneh. Oddny Blomli

Tlf. 80 348

Alle sorter blomster til alle slag
anledninger. Kistepynt utføres.

Når vi les dette, har tanken lett for å kome. Når eg ikkje bed rett og ikkje veit kva eg skal be om, så kan eg berre legge frå meg strevet med å be. Men slike tankar må ikkje få rom, for vi må merke oss at avdi vi er i den hjelpelause stilling, så kjem Den Heilage Ande oss til hjelp. Og Anden veit kva vi treng. Når ein får ved Andens hjelp sjå inn i dette da blir det ikkje tungt å be. I erkjenninga av at vi ikkje bed rett får vi hug til å be, for om vi bed feil, så kjem Anden oss til hjelp. Og vi blir da førde dit at vi gjer som Jesus seier. Bed, så skal de få.

Ludv. B. Aasen

Orkdal menighet

Den nye kyrkjegardsparsellen

blir vigsla etter gudstenesten 12.10.
Prosten foretar vigslinga.

«Mi kyrkjebok»

skal fireåringane få under familieguds-
tenesten 12.10. Da blir alle som fyller
4 år i 1980 i soknet vårt invitert til
kyrkje ilag med mor og far.

Per Solem

kateketen vår som no har avslutta
arbeidet sitt etter dei 2 åra i tenesten
han hadde lova — blir takka av kyrk-
kjelyden 12.10.

Bibeltime

vert det i Megarden 15.10. kl. 20. Ber-
tel Aasen fortel om kong David.

450 årsjubileet

for vår lutherske vedkjenning vil bli
høgtida med festgudstjeneste i tre av
kyrkjene våre 2.11. (Helgamedag).

Gjølme

får i tida 3.10. - 5.10. vitjing av Jostein
Høivik fra misjonssambandet.

Kyrkjeforeninga

har starta oppatt i haust og treng re-
kruttering. Om nokon har høve og
hug kan dei venda seg til formannen
Liv Gjelsvik.

Søvasskjølen Fjellkyrkje

Biskop Bremer legg ned grunnsteinen
12.10. kl. 15. Orkland Mannskor og
Skogn Misjonskor syng.

MENIGHETSBLAD

for Orkdal prestegjeld

7330 Svorkmo

Utgitt av sokneråda i Orkdal

Redaksjonsnemnd:

Gunerius Kjoren Jorhild Ljøkjel

Agnes Singstad

Redaktør:

Kaare Rogstad

Kasserar:

Einar Garberg, 7320 Fannrem.

Postgironummer 3 26 87 29.

Takk for gaver og kontingent.

Ekspedisjon:

Sigmund Gjelsvik, 7300 Orkanger.

Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo

7330 Svorkmo.

S. O. S.

Omlag samstundes kom det to
brev dumpande inn på redaktø-
rens bord. Begge handla om me-
nighetsbladets økonomi. Det eine
var frå prenteverket som fortalde
at prentepreisen no ville gå mo-
naleg opp. Det andre var frå me-
nighetsbladets kasserer. Han
starta brevet sitt slik: «Eg ser
ikkje lyst på den økonomiske sto-
da til Orkdal Menighetsblad. Eg
trur difor det vil vera bra om du
skriv litt om økonomien til bladet
i neste nummer. I det høvet kan
eg gje deg nokre faktiske opp-
lysningar.» Og så fortel han vi-
dare at i 1978 kom det inn
kr. 44 418,— medan det i 1979
kom inn kr. 41 967,— — altså
nesten kr. 2 500,— mindre —
samstundes med at prentepreis og
sendeportog gjekk munaleg opp.
Til no i år er det kome inn berre
kr. 7 300.

Det er omlag 4000 adressater
som får bladet — da er det un-
derleg å sjå at det i 1979 berre
var 1742 innbetalingar til bladet.
Redaktøren trur helst at det ber-
re er ei avgløyme at bladpengar
ikkje vert betalt. På mange vis
får redaksjonen høyra at menig-
hetsbladet vert lese heilt igjen-
nom såsnart det kjem inn i hu-
set. Om alle som er glade i bla-
det også ville hugse å betale det
dei verdsett det til — så skulle

SØLVVARER
til
BARNEDÅP BRYLLUP
KONFIRMASJON
Gullsmed

John
ROHME

7300 Orkanger

OPPFOTOGRAFERING AV GAMLE BILDER

Gjør familieveggen komplett.
Vi hjelper Dem med dette.

Fotograf Kvarsnes

Plater og musikk-kassetter
stort utvalg i gitarer.

Tlf. 80 356 Orkanger

Kjolen

finner De hos

Dagny Korsli A.s


BARDSHAUG

Tlf. 80 395

Orkel

— et kvalitetsprodukt

Maskiner og redskaper for landbruket



JOH. GJØNNES A/S

MEK. VERKSTED - JERNINDUSTRI

7320 Fannrem - Tlf. 82 375

Smått om mangt

Solgløtt misjonsforenings basar

Oppgavesvara var desse:

1. Kvinnen var en fisk
 2. Trancedens kan kort beskrives som tankevirksomheten ev. idegrunnlaget i hjernen.
- Basaroverskuddet er sendt Samemisjonen.

Prosten

vert bortreist 2 helger på rad i okt. 19.10. held han gudsteneste i Fagerhaug kyrkje.

26.10. er han i Oslo på kyrkerådsmøte.

Brev frå 60års jubilant

Av Orkdal Menighetsblad ser jeg at det er 50- og 60 årsjubileum for konfirmantar fra 1930 og 1920 i Moe kirke. Jeg var blant konfirmantene i 1920 og hadde den opplevelse å delta i Moe kirke og menighetshuset sammen med 50 årsjubilanter og 60 årsjubilanter søndag den 27.9. 70. Jeg har sett frem til å komme meg nordover også denne denne gang, men det blir visst ikke mulig. Jeg har alle navnene fra 1920 skrevet opp i min katekisme. Knapt halvparten møtte opp den gang, og det blir kanskje færre denne gang. Vi som ennå lever husker hverandre med takknemlighet. Min takk går til Gud over de jeg har møtt på livsveien. Alle 60 årsjubilanter hilser fra meg med 1. Kor. 3,1.

*Ingvar Rognum, Borgv. 15,
1310 Blommenholm*

Søvasskjølen Fjellkyrkje

Som ein vil sjå andre stader i dette nummer skal biskop Bremer leggja grunnstein 12.10. og at bygginga av Søvasskjølen Fjellkyrke alt er starta. Sande Hytter har lova å sett opp bygget i løpet av hausten. Vi gled oss over at endeleg får vi det etterlengta kyrkjebygget på Søvasskjølen. — *Men no treng vi å støtte meir enn nokon gong. Sjølv om vi har fått mange og store gaver før, så er det framleis mykje som trengst for at ikkje låna og rentene skal bli for tyngande for oss. La oss få eit handtrykk som synes. Vi ser med spenning fram til resultatet av dei postgiroblankettene vi har sendt til alle heimmar i Orkdal.*

For økonomiutvalget
Bertel Aasen

I Kina lengtar dei etter biblar

Gjennom mange år har radioprogram med bibellesing vore sende mot Kina. Lyarbrev fortel at sendingane rekk fram. Med desse orda gir ei kvinne frå Shantung si helsing:

«Heilt sidan kulturrevolusjonen har dei fleste kyrkjene vore øydelagde, og det same med biblane. Mange av venene våre lengtar etter Guds ord. Men det er ingen til å preika. Andre lengtar etter biblar. Men det er ikkje biblar å få.

Eg er lukkeleg som har nokre vener å vera i lag med i denne tida. Kvar kveld sit vi ved radioen for å høyra sendingane dykkar, og vi gled oss ved å høyra evangeliet.

Når gravminnet veltar

Det er merkeleg mange gravminne i stein som ikkje er skikkeleg festa. Dei står laust oppå fundamentblokken. Gong på gong har gravsteinen velta, og det har hendt at folk har vorte skadd. Sjølv gravminnet kan sjølv sagt fara ille når slikt skjer.

Beste vis å sleppa unna velting og vrirng er å setja inn to boltar i underkant på gravminnet og la dei gå ned i fundamentet. Dei bør vera ca. 20 cm lange og rustfrie.

Ein kan og nytta ein bit asfaltapp, med same storleik som undekanten av gravminnet, og leggja det inn mellom fundament og gravminne. Når sola varmar opp steinen, vil asfalten lima steinblokkene saman, og gravminnet er rett og godt sikra.

Allé med ansvar for ei grav med gravminne, bør syta for at steinen er sikra, så det ikkje kjem uhell av noko slag.

H. K.

Hans Hølmersen

fra Trøndelag Indremisjonskrets vil virke i Orkland sogn fra 21. okt. - 26. okt. Sjå nærmare kunngjering om stadar og tid seinare.

Trelast og bygnings-
artikler på lager.

Gunstige priser

Orkdal
Sag & Høvleri
Tlf. 82265

Orkland menighet

Bibeltime

Onsdag 1. oktober kl. 20.00 på Svorkmo Misjonshus. Prost Rogstad vil ta oss med inn i personlegdomen Moses.

Eldretreff

Torsdag 2. oktober kl. 11.00 på Svorkmo Misjonshus. Vi ser filmen som vart laga på Nordmørsturen. Samleis ser vi filmen fra Stjørdalsturen på nytt. Du kan kjøpe bildene fra Nordmørsturen. Det vert sang. Andakt ved Bertel Aasen.

Konfirmantfest

Torsdag 9. oktober vert det fest for alle konfirmantar med foreldre på Svorkmo Misjonshus. Leikar, konkurransar, sang, andakt ved Jakob Winsnes. Nærmare program seinare. Arr: Orkland Sokneråd.

Røddemøte

Mandag 27. oktober kl. 20.00 hos Tore Høstøen.

Misjonsmøte

Mandag 13. oktober hos Marit Kvikne.

Tenkveldar

Fredag 3. okt. kl. 19.30 på Svorkmo Misjonshus.

Fredag 17. oktober kl. 19.30 på Svorkmo Misjonshus.

Week-end for alle tenåringer

31. okt. - 2. nov. vert det week-end på Bakksætra for alle tenåringane i Orkland sokn. Det vert ein sers billeg week-end. Vi vil ha filmar og ymse anne programinnslag ved konfirmantar m.a.

I.U.F.

29. oktober kl. 20.00 møte hos Einar Kristiansen.

Hauftfest i N.M.S.

Søndag 2. november vert det fest om kvelden på Svorkmo Misjonshus. Nærmare program seinare.

Arrangement utover hausten

7. nov. Gospelkveld i kyrkja. Lensvik Teensing og Arne Dalen.

9. nov. 100 årsjubileum for Res. kapstillinga i Orkdal. Koren og Eidhamar kjem. Festgudsteneste. Festkveld på Misjonshuset.

Familiegudsteneste

Søndag 19. okt. vert det familiegudsteneste med kirkekaffe på Svorkmo Misjonshus. Det vert sang av barn under gudstenesta. Utdeling av «Mi kyrkjebok».

På kyrkjeveg



fall innvendig. Det er visst Ane Groven som held dukane på alteret skinande reine og nystroknede til kvar tid. Når Gudrun står til med blomster, vert det alltid ei høgtid å vera i denne kyrkja.

Og ein annan verdfull ting ved denne kyrkja, ein høyrer så godt kva som vert sagt, både frå alter og preikestol.

Bertel prest, som forretta denne søndagen delte ut Nytestamentene til 12-åringane, — så vart årets konfirmantar namngjevne da dei kom fram i koret, — nokon stor flokk var det ikkje — berre eit tjugetals. Etter gudstenesta kalla presten fram ei jente, Rønnaug Ødegård frå Overhalla som skal vera i soknet og ha

sitt virke blandt bonn og eldre. Helga etter var det stor jubileumsfest i Moe kyrkje, der det var stort frammøte av dei som hadde gått for presten for 25 - 50 og 60 år sia, — vorte ein vanleg skikk dette her i bygda. Etter gudstenesta var jubilantane m. ektefeller samla til jubileumsmiddag i Misjonshuset på Svorkmo. Her vart gamle minner dregne fram, — mange av dei som var med hadde ikkje sett kvarandre sia dei «gjekk for presten» og da kan ein skjønna at mange minner vart oppatfriska. Her var og Anders P. Kvaale med og gjorde sitt til at festen vart triveleg for alle som var møtt fram.

Knut Liøkelsøy

me og litt smør til dei par skivene, og det hendte det vanka ein liten klatt marmelade dei kalla. Det me fekk attåt vart kalla kaffe, men det var berre tunt sikorivatn. Morgonmaten og kveldsmaten var etter same oppskrift. Det beste me fekk her vart no likevel den brødsupa eg alt har nemnt, og som eg sette så liten pris på den første dagen.

Det var ein annan hunger som mange var hardt plaga av: tobakksvolt. Tobakk var ein vare som ikkje var lett å skaffe under slike tilhøve. Dei som gjekk på utearbeid, kunne plukke sigarettstumpar og liknande. Dette var handelsvare, for ikkje seia «gangbar mynt». Ein kunne kjøpe mangt for ein røyk. Eg hadde røykt pipe da eg var i fridom, men det kosta meg ikkje noko å slutte med det her. Eg vart fortenkt, kor mange det var som gladeleg byta bort brødskiva si i ein klipp dårleg tobak. Det er underleg korleis synet på verdiar kan forkvaklas. Om det så var ei ut-togge skrå, så vart ho teke vare på. Etter å ha vore tørka på omnen, var det brukbart emne til ein sigarett.

Noko av det verste var å skaffa seg fyr. Det var sjølv sagt streng kontroll med eid både ute og inne. Var det ein

8. Per Asphjell fortel frå krigstida

P.A. er no krigsfange i Neumünster og held fram med å fortelja korleis han hadde det.

Det var merkeleg korleis trongen etter mat tynte alle andre interesser og drifter. Alt som på nokon måte var etande vart fortært. En dag fann eg ei stor klo av ein grislabb i søndagsuppa. Det var ein godbit av dei sjeldne. Eg godgjorde meg lenge med den grove svoren i munnen.

Det hendte me fekk ein klatt ost, dei kalla det «Stink-kåse» attåt brødskiva om morgonen. Det var eit slag sterk trøost. Namnet tyder ost som stinkar. Eg har aldri lika sterk, gjæra ost, men her gjekk han ned på høgkant.

Ei tid delte eg selle med ein belgier som var på utearbeid. På jernbanetomta der dei arbeidde, hadde han og ein kamerat kome over eit fat med melasse, kusirup, i eit skur. Det var søtt og godt, og sukker sværa me alltid etter. Desse to tok for seg av sakene, og da han kom på sella om kvelden, var han reint i ulage i magen.

Han sat på «Leibsthulen» mest samanhengande føre midnatt, og rommet vart fylt av ein ulideleg stank. Me måtte vera der me var, og glaset let seg ikkje åpne. Hadde han forsynt seg med måte, hadde han truleg hatt berre godt av det.

Dei som var på arbeid ute, slumpa ofte til å koma over eitkvart ekstra. Eg var av dei som aldri kom utom murane på heile den tida eg var i Neumünster, så eg måtte ta til takke med det huset hadde å by på.

Ein ting lærte den som hadde syn for Herrens velsigning: ein la eit serleg alvor i bordbøna. No må ingen tru at det var noko slag form for felles bordbøn. Det var langt derifrå, dei fleste banna nok heller over dei knappe rasjonane dei fekk. Men eg veit om fleire enn meg som i stille andakt faldte hendene nede ved bordkanten, før dei åt.

Brødet me fekk, kunne ein ikkje klaga på. Det var baka av rugmjøl. Det var grovt, men godt steikt og velsmakande. Det var berre det at me fekk så alt for lite av det. Ofte fekk

rimeleg vaktmann, kunne han spandera ei fyrstikk, men stort sett måtte all røyking gå for seg i løynd.

Det var mange måtar å skaffe seg eld på. Det eg såg av slikt, hadde eg ikkje tenkt kunne gå for seg i vår tid. Eg fekk sanneleg lære korleis det gjekk an å «slå ljøs» på steinaldervis. Russarane som var i lag med oss var makalause til slikt. Ute på tunet såg dei seg ut ein høveleg stein, stor som ei skikkeleg nøtt. Denne var lett å gøyme i lomma, og såg elles nokså tru-skuldig ut om han vart funnen. Oppe på verkstaden fans det alltid ein skarve kniv eller anna stålreiskap. Så laga dei seg ein spisspose (kremarhus) av tunt papir. Posen heldt dei i handloven, medan dei tok steinen millom peikefinger og tommeltott. Når dei så slo mot steinen med kniven over åpningen i posen, fauk det gnistar ned i papiret. Det vart ei lita glo, som dei bles varsamt på, og det var ikkje lenge før det fata i. Det såg ut til å vera svært vansekleg å få dette til med berre papir, men hadde dei først varme, laga dei seg betre fengemne på ein enkel måte: Det fans mange sortar stoff i dei sekkene me stappa kork i. Dei leita seg ut noko tunt som likna på lerret. Det brente dei, så det vart ein slump svarte, lauvtynne sotflak. Dette var det svært lett å få glo i.

Det fans og fyrty som var meir forseggjort. Ein hadde kome over ein bit tunn smergel. Denne hadde han maksla til sirkelrund på storleik med ein femkronemynt. I sentrum var det to hol eit stykke frå kvarandre. Gjennom kvart hol var det drege ein hysing, og dei ti - tolv tommer lange endane på kvar side var knytt saman. Når ein tvinna opp desse trådane og etterpå drog hardt i dei, snurra skiva med stor fart. Heldt ein så eit emne av stål bort til ho, fekk ein ei skur av gnistar. Hadde ein så fengemne, var det ikkje lenge før det rauk.

Det er greit å skjønna at slik handtering med åpen varme var farleg på ein slik stad. Det er nifst å tenkje på at det kunne bli lauseld i dette rommet. Det var eit trehus fyllt med støv, og me var innestengt. Ikkje ein gong gjennom glasa kunne me redde oss, om ulukka var ute.

Framhald

Sangmøte

på Søvaslli Ungdomssenter søndag 12. oktober kl 18. Skogn misjonskor, Orkland mannskor. Tale av biskop Bremer.

Konserten i Moe'skyrkja

For 3 - 4 år sia skreiv eg her i Menighetsbladet og spurde kvifor ein ikkje kunne «klappe» i kyrkja når det kunne vera musikk eller songkonsertar e.l. Eg fekk ingen respons på dette, som det heiter med eit fint ord. Eg nemnde visst den gongen, at eg hørde Teatersjef Rasmussen ved Trøndelag Teater, i 1917 - 18 åra, heldt ein kyrkjekonsert i Grøtte kyrkje med stuvande fullt hus. Der song han millom anna «Overmåde full av nåde» — nei så vakkert som han song — eg kan høyra han enno. Og eg ville så gjerne ha klappa — mange år seinare song Ase Normo Løvberg ved ein konsert i same kyrkja. «Eg ser deg søde lam å stå», ovunderleg vakkert. Men som vanleg knatt det ikkje i folk i den fullsett kyrkja. Kvifor det? Er det slik at Vår Herre har imot noko form for gledesytringar, — er det synd å klappe i hender for på ein slik måte gjeve utlaup for ei spontan form for glede. Enn når ein høyrer den ved-

underlege vakre songen til fru Alfer eller brødr. Fagerli i kyrkja eller Misjonshuset, — eg ville så gjerne klappe —.

Men så vart det ein annan snunad sundagskvelden i Moe kyrkje, ved konserten som Ruth Reese heldt —. Da braut det laust for alle i den fullsette kyrkja — ja gleda over songen var så stor at dette måtte ha avlaup på noko slags vis. Slik vart det fleire gonger klapping og trampeklapp, så ein mest skulle tru at taket ville løfte på seg. Det såg ut for meg at presten likte seg sers godt og, og ikkje minst songarinna som skinte som ei sol —. Eg trur at alle oss som var i kyrkja denne kveldsstunda opplevde noko sers vakkert og verdfullt, — at me endelig kunne få ei utløyning for vår glede i eit Gudshus. Me som var der, var med og «tok høl» på denne byllen.

Knut Liøkelsøy

Orkanger menighet

Ungdomsarbeidet

Torsdag 2.10.: Filmkveld i Orkanger bedehus kl. 19.00. Vi viser spillefilmen «På flukt».

Torsdag 23.10.: Tenkveld i bedehuset kl. 19.00.

Eldretreff

I kjellerstua på Askeladden mandag 6.10. kl. 17.00.

Bibeltime

Hos Sigrid og Kristoffer Singstad torsdag 9.10. kl. 20.00. Kaare Rogstad har emnet: «Gudsmannen Moses».

Menighetsaksjon

Menigheten og foreningene på Orkanger har planlagt en slik aksjon 4. - 9. november. Taler på møtene blir Helge Gudmundsen som i vinter deltok på en slik aksjon i Orkland. Møtene holdes i Orkanger kirke hver kveld kl. 20.00. Sangkrefter blir Orkland mannskor, Meldal Tesing, Orkanger Musikk-lag m.fl. Vi tror at disse samværene kan få stor betydning for vår menighet. Vær med å be for dem!

Gudstjeneste med

julegaveinnsamling til sjøfolk

I år som i fjor har foreningen «Sjøgutenes vel» tatt initiativ til dette.

21.10. kl. 19.00 er du vel møtt i Orkanger kirke. Ta med deg en liten pakke gjerne med et brev inni og vær med å glede en av våre sjøfolk på denne måten.

Utlodning for menighetshuset

Utlodningen har vært igang siden juni men det er fremdeles mange lodder igjen. Oktober måned vil vi satse ekstra på å få ut lodd. Benytt sjansen. Du kan vinne verdifulle og fine gevinster. Lodd får du hos soknerådets medl., hos presten og i en del forretninger. La oss løfte i flokk slik at menighetshuset som vi alle ønsker oss snart kan stå der.

Vi minner alle barn om

Onsdagsskolen som holdes i prestegården hver onsdag kl. 17.00. Vi samles for å synge, leke, tegne eller lage ting men først og fremst for å høre om Jesus.

Orkdal menighet

Misjonsbasar

16.10. misjonsbasar i Megarden kl. 19. Grøtte Yngre m. fl., soknepresten.

Foreningsbasar

25.10. for.basar og — auksjon i Grendstuggu Ustjåren kl. 19. Ottar Hyldmo.

BARNETEIGEN

Følg meg!

Vi leser i Mark. 1, 16 - 18

Og da han gikk forbi ved den Galileiske sjø, så han Simon og Andreas, Simons bror, i ferd med å kaste garn i sjøen, for de var fiskere; og Jesus sa til dem! Følg meg, så vil jeg gjøre dere til menneskefiskere! Og de forlot straks garna sine og fulgte ham.

Her leser vi om to menn som forlot arbeidsplassen sin og fulgte Jesus. Arbeidet kalte på dem, men Jesus kom og sa: Følg meg!

Nå var det en særlig oppgave Jesu disipler fikk. De skulle bli menneskefiskere. Det betyr at de skulle ofre all tid på å vinne mennesker for Guds rike. Det er mange ting som kaller på deg om dagen. Om morgenen hører du vekkerklokka. Den kaller deg til å stå opp. Eller kanskje mor eller far kommer og rusker litt i deg.

Så er det skolen med kiminga som kaller til time. Kameraten eller veninner kommer og ringer på eller roper. — La oss passe oss så vi ikke blir lokket bort fra Jesus. Han har et stort ønske, — at vi alle skal følge ham gjennom hele livet.


Kjære Jesus!

Hjelp oss å gjøre som disiplene, — følg deg og tjene deg.



Pass deg så ikkje nasen snur seg

På eit rom på sjukehuset var det tre senger. I den eine senga låg det ein gut som var 6 år, i den andre ein gut på 17 år og i den tredje ein kall på 68 år. Dei hadde det svært hyggeleg saman. Seksåringen var svært pratsam, og fortalde mykje som ikkje var sant. Syttenåringen sa han måtte passa seg, for dersom han fortalde noko som ikkje var sant,



Syng når det er vanskelig

En liten gutt ble en dag utsatt for et ulykkestilfelle og ble ført blodende og elendig til nærmeste sykehus. Da doktoren begynte å undersøke skadene, drog Jon et dypt sukk.

«Om jeg bare kunne synge!» utbrøt han og så på doktoren, «da tror jeg at jeg vil føle meg bedre».

«Ja, du kan gjerne forsøke», svarte legen vennlig. Og Jon begynte å synge. Med klar stemme sang han en sang om Jesus, og under den smertefulle undersøkelsen fortsatte han å synge. Den vakre stemmen hørt gjennom hele korridoren og lokket dit en del pleiersker og pasienter.

Da doktoren var ferdig med undersøkelsen, var han helt beveget og sa: «Du har vært en liten helt, Jon. Jeg trodde ikke du kunne være så tolmogig.

Jon så på han og svarte:

«Det var sangen som hjalp meg. Jeg syner alltid når noe er vanskelig».

kom nasen til å snu seg, så nasehola snudde opp. Seksåringen vart still, og han skrønte ikkje noko nokre dagar.

Men så ein dag kom han med ei skrøne, og medan han fortalde, heldt han i nasen med høgre handa. Og seinare vart det slik at han heldt i nasen med ei hand når han fortalde ei lita skrøne, men kom han med ei diger skrøne, heldt han i nasen med begge hendene.

Denne guten var så stor at han viste kva som var sant og ikkje sant. Dei som er mindre veit ofte ikkje skilnad på dette, og har dei da livlig



VELKOMEN TIL KYRKJA

12.10. 20. s. e. pinse

— Orkdal k. kl. 11: Familiegudst. ved prost Rogstad. Orkland Mannskor synger. Utdeling av «Mi kyrkjebok». Etter gudst. vigsling av ny kyrkjegårdsparsell. Offer til Barnearbeidet.

— Moe k. kl. 11: Høgmesse ved res. kap. Aasen. Skogn misjonskor syng. Offer til kristenfolkets edruskapsråd. — Søvasskjølen Fjellkyrkje kl. 15: Biskop Bremer legg ned grunnsteinen. Song av Orkland Mannskor og Skogn misjonskor. Kyrkjekaffe på Søvasslia Ungdomssenter.

19.10. 21. s. e. pinse

— Geitastrand k. kl. 11: Familiegudsteneste v. kalls kap. Slettahjell. Utdeling av «Min kirkebok». Offer til barnearb. Buss frå Råbygda.

— Orkanger k. kl. 11: Familiegudst. v. prest Tore Byfuglien. Offer til N.K.U.F. Trøndelag krets.

— Moe k. kl. 11: Familiegudst. v. res. kap. Aasen. Utdeling av «Mi kyrkjebok». Offer til barnearbeidet.

26.10. Bots- og bededag

— Orkdal k. kl. 11: Høgmesse v. kalls kap. Slettahjell. Offer til Barnevernsinst. Dronning Mauds minne.

2.11. Alle Helgens dag

(Confessio Augustana 450 års jub.)

— Orkdal k. kl. 11: Festgudst. ved prost Rogstad. Offer til «misjonssambandet».

— Orkanger k. kl. 11: Festgudst. ved kalls.kap. Slettahjell. Offer til menighetsfakultetet.

— Moe k. kl. 11: Festgudsteneste v.

res.kap. Aasen. Offer til Søvasskjølen Fjellkyrkje.

9.11. 24. s. e. pinse

— Moe k. kl. 11. Kyrkjejubileum med festgudsteneste ved Koren og Eidhamar. Soknets prestar tilstades. Offer til menighetsarbeidet.

16.11. 25. s. e. pinse

— Orkdal k. kl. 11. Høgmesse ved amanuensis Olav Hognestad, res.kap. Aasen. Offer til Norges Kr. Ungdomsforbund.

— Orkanger k. kl. 11: Familiegudst. ved kalls.kap. Slettahjell. Utdeling av «Min kirkebok». Offer til menighetens barnearbeid.

— Geitastrand k. kl. 11: Høgmesse ved prost Rogstad. Offer til Søvasskjølen Fjellkyrkje. Buss frå Husdalen.

HELGA VAKT

4. - 5.10 Aasen
11. - 12.10. Rogstad
18. - 19.10. Slettahjell
25. - 26.10. Slettahjell
1. - 2.11. Aasen

SØVASSKJØLEN FJELLKIRKE

postgiro 3675436 GJØLME.
EI KIRKESAK FOR ALLE
I ORKDAL.

Bestill time for fotografering.

Fotograf J. Sødahl

Tlf. 80259

Orkanger

Geitastrand menighet

30.10. kl. 20 i Gjølme bedehus. Misjonsbasar. Ottar Hyldmo deltar.

Familiegudsteneste

inviteres det til 19.10. Da vil 4-åringar få min kirkebok.

30.9. - 2.10.

vil Geitastrand få vitjing av Jostein Høvik fra isjonssambandet.

Kontortider ved prestekontora Orkdal

Tirsdag kl. 16 - 18
Torsdag kl. 10 - 12
Fredag kl. 10 - 12

Orkanger, kapellet

Tirsdag kl. 17 - 19
Fredag kl. 11 - 13

Svorkmo

Torsdag kl. 10 - 12

SKOTØY

for hele familien.

Ingv. Solbu etf.

Orkedalsveien 71

7300 Orkanger

SØVASSKJØLEN FJELLKYRKJE

treng dugnadsfolk
mest alle dagar.
Ta kontakt med
byggekomiteen.
Noko for ungdom?



Svorkmo Prenteverk A/S

Vend Dykk til oss når det gjeld trykking av blad, tidskrifter, forretningstrykk m.m.

Telf. og post: 7330 Svorkmo.


Sendt av:

POSTGIRO - INNBETALINGSKORT

Sendt av:

TIL
FRIMERKE

KVITTERING



DATOSTEMPEL

ADR.:

ADR.:

KRONER ØRE

KRONER ØRE

KRONER ØRE

Vedlegg til
Orkdal menighetsblad
nr. 8 — 1980.
Gåver og kontingent 1981.

TIL

ORKDAL MENIGHETSBLAD

er innbetalt til

Orkdal Menighetsblad

ADR.:

7320 FANNREM

POSTGIROKONTO

3 26 87 29

POSTGIROKONTO


7320 Fannrem

3 26 87 29

POSTGIROKONTO

3 26 87 29



Ved reklamasjon
må De vise
kvittering



Bl. 560

DATOSTEMPEL

INNBETALINGSNUMMER



DATOSTEMPEL

INNBETALINGSNUMMER

ØRE

ORTO

SIGNATUR